

**UTGREIING AV  
KONSEKVEN SAR VED  
SAMANSLÅING  
AV KOMMUNANE  
LEIKANGER OG SOGNDAL**



**Kortversjon av konsekvensutgreiing og styringsgruppa si samla vurdering**

Prosjektet har eiga heimeside: [www.fylkesmannen.no/sogn](http://www.fylkesmannen.no/sogn)



## Forord

Kommunestyra i Leikanger og i Sogndal vedtok våren 2002 å greie ut konsekvensane av å slå saman Leikanger kommune og Sogndal kommune. Det vart sett ned ei styringsgruppe som skulle leie dette arbeidet. Styringsgruppa fekk følgjande samansetjing:

Ass. fylkesmann Ingrid Bjøkum, leiar

Ordførar Rolf Nesheim, Leikanger kommune

Formannskapsmedlem Olav Lunden, Leikanger kommune

Rådmann Odd Arve Rakstad, Leikanger kommune

Tillitsvald Edith J. Eggum, Leikanger kommune

Ordførar Jarle Skartun, Sogndal kommune

Varaordførar Clara Øberg, Sogndal kommune

Rådmann Jostein Aanestad, Sogndal kommune

Tillitsvald Geir Lyngaas, Sogndal kommune

Rådgjevar Ragnhild Fjærestad hjå Fylkesmannen har vore sekretær for styringsgruppa.

Styringsgruppa valde konsulentfirmaet Kaupang til å gjere utgreiinga.

I dette heftet finn du eit samandrag av den rapporten som er laga. Heile rapporten er å finna på heimesida til fylkesmannen [www.fylkesmannen.no/sogn](http://www.fylkesmannen.no/sogn) og på serviceekspedisjonen i Leikanger og tenestetorget i Sogndal kommune. Kaupang er ansvarleg for det faglege innhaldet i rapporten.

Bakerst i heftet finn du vurderingane til styringsgruppa. Funksjon til dei tillitsvalde i

styringsgruppa har vore å sjå til at rettane til dei tilsette vert teke omsyn til.

Dei tillitsvalde har difor vald å ikkje ta del i dei avsluttande vurderingar som styringsgruppa har gjort.

### **Kommunane inviterer til folkemøte om kommunesamanslåing onsdag 18. juni i Leikanger og i Sogndal.**

Kommunestyra vil i slutten av juni ta stilling til om det skal haldast folkerøysting om spørsmålet om kommunesamanslåing. Ei folkerøysting vil eventuelt bli halden i samband med kommunevalet 15. september.

Vi vonar heftet er nyttig for innbyggjarane når det gjeld spørsmålet om kommunesamanslåing.

På vegne av styringsgruppa

Rolf Nesheim, ordførar i Leikanger

Jarle Skartun, ordførar i Sogndal

## **KVIFOR DEBATTERER KOMMUNESTORLEIK OG KOMMUNESAMANSLÅING?**

### **Eit komplisert spørsmål utan fasitsvar**

Det fins ikkje eit enkelt "fasitsvar" på kor stor ein kommune bør vere for å kunne løyse oppgåvene han har ansvar for. Spørsmålet om den ideelle kommunestorleiken har vore uttrykt på følgjande måte: Er det storleiken det kjem an på, eller er andre tilhøve vel så viktige for at innbyggjarane skal oppleve velferd og trivsel?

### **Statlege forventningar og lokkemidlar**

I dag har norske kommunar like oppgåver og likt ansvar, uavhengig av innbyggjartal, storleik og økonomi. I det siste har dette "generalistkommuneprikket" vorte sett på dagsorden, og følgjande spørsmål blir stadig oftare stilt: Har små og store kommunar lik evne til å løyse dei same oppgåvene? Og: Er det rett og nødvendig at kommunane – uavhengig av storleik – skal ha same ansvar og myndigheit?

*Har små og store kommunar lik evne til å løyse dei same oppgåvene?*

Stortinget gjorde i 1995 vedtak om at endringar i kommunestrukturen skal vere frivillige frå kommunane si side. Dette ligg framleis fast. Stortinget og Regjeringa har likevel vedteke ulike verkemiddel som legg forholda til rette for kommunar som ønskjer å slå seg saman. Døme på slike verkemiddel er økonomiske overgangsordningar, dekking av eingongskostnader, ei viss toppfinansiering av samferdselsprosjekt og støtte til utgreiingar, informasjons- og debatiltak.


Lokale drivkrefter: Ønskje om lokal utvikling og gode kommunale tenester. Kommunar som har sett kommunesamanslåing på dagsorden, er alle opptekne av korleis forholda kan leggjast til rette for utvikling av lokalsamfunnet og produksjon av gode tenester til innbyggjarane. Med dette utgangspunkt tek enkelte til orde for at større kommunale organisasjonar og sterkare kommunale "musklar" er ein føresetnad for handlefridom, reelt sjølvstyre og større påverknadskraft. Andre igjen tek til orde for at "smått er godt" og at nærleik mellom innbyggjarar, kommunalt tilsette og lokale folkevalde er ein heilt sentral føresetnad for utvikling av gode og trygge lokalsamfunn.

## **VIL EIN SAMANSLEGEN KOMMUNE BLI EIN BETRE UTVIKLINGSAKTØR – SOM GJER DET MOGLEG Å STYRKE NÆRINGS- LIV OG SIKRE BUSETNAD?**

Spørsmålet over må svarast på både ut frå røynsle frå andre kommunar og dei føresetnader som i dag ligg i dei to kommunane. Generelt vil ein større kommune gjennomgåande ha både fleire ressursar og betre kompetanse når det gjeld nærings- og busetnadsutvikling enn mindre kommunar.

Næringsstrukturen i dei to kommunane er svært ulik. I Leikanger er ein stor del av arbeidsplassane i statleg eller fylkeskommunal forvaltning, medan dei fleste arbeidsplassane i Sogndal er i private og offentlege føretak.

### Syssetjing etter sektor. Leikanger og Sogndal, 2001



Fordelinga av arbeidsplassar i figuren over viser at kommunane spelar ulike roller for næringsutviklinga i regionen, og arbeidsmarknaden i dei to kommunane utfyller kvarandre. Sogndal har eit stort kompetansemiljø knytt til Høgskulen og private føretak, medan Leikanger har eit stor innslag av kompetansearbeidsplassar i statleg, fylkeskommunal og kommunal sektor. Det er derfor grunn for å tru at kommunane vil vere tent med eit nært nærings samarbeid.

Både kommunane har overdekning av arbeidsplassar i forhold til befolkningsgrunnlaget. Både kommunane og særleg Leikanger, har netto pendling inn. Dette viser at kommunane er sentrale i ein stor felles arbeidsmarknad. Det vil vera lettare å utnytte denne felles arbeidsmarknaden i ein større kommune.

Utviklinga over heile landet viser at sentrumskommunar veks på kostnad av utkantkommunar. På same tid er det framleis ei flytting mot det sentrale austlandet. Denne utviklinga viser seg også i Sogn og Fjordane. Dette bilete blir forsterka av at næringsetableringar viser seg å kome nær sentrum, med mindre lokaliseringa er avhengig av særskilt naturgrunnlag.

Ei samanslåing av Sogndal og Leikanger vil gjere den samanslegne kommunen til tredje største kommunen i fylket. Dette kan auke forhandlingskrafta til kommunen med tanke på lokalisering av arbeidsplassar.

Alt i alt - i rolla som utviklingsaktør er det grunn til å tru at samanslåing av kommunane vil gje auka handlekraft. Ei større kommunal eining bygd på Leikanger og Sogndal vil kunne markere seg sterkare og ha eit betre grunnlag for å avsetje og samle ressursar når det gjeld eit samanhengande utviklingsarbeid. Dette vil også gjelde prioritering av direkte tiltak og støtte for å behalde og skape nye arbeidsplassar. Med ei større kommuneining vil det bli betre samordning, og ein vil unngå konkurranse mellom kommunane

*Ei større kommunal eining bygd på Leikanger og Sogndal vil kunne markere seg sterkare og ha eit betre grunnlag for å avsetje og samle ressursar når det gjeld eit samanhengande utviklingsarbeid*

## KVA BLIR DEI ØKONOMISKE KONSEKVENSAANE AV EI SAMANSLÅING?

Ei grunngeving for å slå saman kommunar at det vil løne seg økonomisk. Ei vanleg målsetjing er å frigjere ressursar frå administrasjon til tenesteproduksjon. Tanken er at ein samanslegen kommune kan klare seg med færre politikarar, administrative leiarar og tilsette enn summen av desse frå dei to opphavslege kommunane. I tillegg kan større fagmiljø med meir kompetanse produsere tenestene til innbyggjarane på ein meir effektiv måte. Ein kan og få ei meir effektiv utnytting av utstyr og maskinar.

Dei økonomiske konsekvensane av ei samanslåing har vore eit sentralt tema i utgreiingsarbeidet. Vurderingane er oppsummert i tabellen under.

**Tabell Økonomiske konsekvensar av ei samanslåing av Leikanger og Sogndal kommunar**

	Etter 1 år Millionar kr pr. år	Etter 10 år Millionar kr pr. år	Etter 15 år Millionar kr pr. år
Basis- og regionaltilskot	- 9,6	- 9,6	- 9,6
Inndelingstilskot	9,6	9,6	-
Utgiftsutjamning	1,8	1,8	1,8
Eingongskostnader	- 4,5	-	-
Innsparing administrasjon	(2,5 – 6)	2,5 - 6	2,5 - 6
Innsparing tenester	(+)	+	+

Ein samanslegen kommune vil miste basis- og regionaltilskot frå staten verdt om lag 9,6 millionar kr pr. år. Dette inntektstapet vil bli kompensert fullt ut gjennom det såkalla inndelingstilskotet dei første 10 åra etter ei samanslåing, og inntektstapet vil først få full verknad etter 15 år.

Med Sogndal som kommunesenter i den samanslegne kommunen vil gjennomsnittleg reiseavstand for innbyggjarane til kommunesenteret auke samanlikna med i dag. Dette gjev ei auka inntektsutjamning på om lag 1,8 millionar kr pr. år. Med Leikanger som kommunesenter ville auken bli på 5,6 mill. kr. Basert på erfaringar frå andre kommunesamanslåingar kan ei gjetting på eingongskostnader ved ei samanslåing vere om lag 4,5 millionar kr om ein føreset at staten dekkjer om lag halvparten av slike kostnader.

Samanliknar vi Sogndal og Leikanger som ein kommune, med kommunar med tilsvarande storleik og kjenneteikn gjev det eit innsparingspotensial innanfor administrasjon på mellom 2,5 og 6 millionar kr. Det vil ta nokre år å realisere eit slikt potensial.

Generelt blir det rekna med at det er eit effektiviseringspotensial i kommunal tenesteproduksjon. Den omstillingsprosessen som må følgje av ei kommunesamanslåing, vil leggje til rette for endringar som medverkar til ein meir effektiv tenesteproduksjon og/eller betre kvalitet på tenestetilbodet. Det er likevel vanskeleg å rekne ut innsparingspotensial innanfor tenesteproduksjon eksakt i kr.

*Ei vanleg målsetjing er å frigjere ressursar frå administrasjon til tenesteproduksjon. Tanken er at ein samanslegen kommune kan klare seg med færre politikarar, administrative leiarar og tilsette enn summen av desse frå dei to opphavslege kommunane*

Ei sentral utfordring blir å unngå at tenestetilbodet blir opplevd som dårlegare hjå brukarane ved effektivisering. Til dømes kan ei samanslåing av ungdomsskulane i Leikanger og Sogndal gje ei innsparing på om lag ein halv million kr i året som må vegast opp mot til dømes ulempa med at fleire av elevane får lengre skuleveg.

Den samla økonomiske effekten av ei kommunesamanslåing er usikker og avhengig av mange usikre og ukjende faktorar. Med ei innsparing innanfor administrasjon på 6 millionar kr pr. år og visse andre føresetnader, vil ei kommunesamanslåing gje ein økonomisk gevinst på i gjennomsnitt om lag 3 millionar kr pr. år dei første 20 åra etter samanslåinga. Med det lågare alternativet for innsparing innanfor administrasjon på 2,5 millionar kr pr. år blir tilsvarende økonomisk gevinst på i overkant av 1 million kr pr. år. Dette føreset dagens inntektssystem.

## **VIL DEI KOMMUNALE TENESTENE BLI BETRE ELLER DÅRLEGARE ETTER EI KOMMUNESAMANSLÅING?**

Den moglege innsparinga innanfor administrasjon ved ei samanslåing kan gjere at ein kan bruke meir pengar på tenesteproduksjonen, og det vil gjera det mogleg å auke omfanget og kvaliteten på tenestene samanlikna med ein situasjon utan ei slik innsparing. Vel så viktig som ei moglege innsparing, er at eit større fagmiljø med meir fagkompetanse kan yte betre tenester

Det er likevel ikkje alltid ein direkte samanheng mellom storleiken på budsjettet eller fagmiljøa og kvaliteten på dei kommunale tenestene. Resultata er avhengig av om ein ny kommune maktar å ta ut moglege gevinstar gjennom rette val og ei fornuftig organisering.

Ei ulempe for innbyggjarane ved samanslåing av kommunar er knytt til lengre avstand til nokre av dei kommunale tenestetilboda. Truleg vil ei samanslåing av Leikanger og Sogndal gje få endringar i lokaliseringa til dei tenestene grupper av innbyggjarane brukar ofte ("oftetenester"), til dømes barnehagar, skular og sjukeheimar. Det er meir sannsynleg at slike tenester som innbyggjarane ikkje så ofte er i kontakt med ("sjeldantenester"), blir samlokalisert/sentralisert, til dømes kommuneadministrasjonen, sosialkontor, deler av helsetenesta, landbrukskontor og tekniske tenester.

Det vil vere opp til kommunestyret i ein eventuell samanslegen kommune å endeleg bestemme lokaliseringa av dei ulike tenestene.

*Ei sentral utfordring blir å unngå at tenestetilbodet blir opplevd som dårlegare hjå brukarane ved effektivisering*

*Ei ulempe for innbyggjarane ved samanslåing er knytt til lengre avstand til nokre av dei kommunale tenestetilboda – men truleg vil ei samanslåing av Leikanger og Sogndal gje få endringar i lokaliseringa av "oftetenester"*

## VIL EIN FÅ EIT STYRKA FAGMILJØ OG BETRE KOMPETANSE I EIN NY KOMMUNE?

Å halde på og rekruttere personar med god kompetanse er ein heilt sentral føresetnad for at kommunane skal kunne utføre oppgåvene sine på ein god måte og levere tenester med god service og høg kvalitet. Her får kommunesektoren stadig større utfordringar – kampen om kompetansen tiltek.

*Å halde på og rekruttere personar med god kompetanse er ein heilt sentral føresetnad for at kommunane skal kunne utføre oppgåvene sine på ein god måte og levere tenester med god service og høg kvalitet.*

Dette kjem først og fremst av endringar i folkesetnaden, med færre i yrkesaktiv alder og langt fleire pensjonistar. Kommunane opplever dessutan auka problem med rekruttering til deltidsstillingar, blant anna fordi yngre kvinnelege arbeidssøkarar i større grad ønskjer heiltidsstillingar.

Kampen om kompetansen gjer det derfor viktigare enn tidlegare at kommunane i størst mogleg grad legg vekt på å gjennomføre tiltak som medverkar til at kommunen blir oppfatta som ein attraktiv arbeidsgjevar.

Ein større kommune vil mellom anna ha betre føresetnad for å leggje til rette for fleire heiltidsstillingar og spesialistfunksjonar. Det har ein positiv verknad både når det gjeld å halde på nøkkelpersonell og rekruttere nye medarbeidarar. Små og mindre kommunar har i større grad meir sårbare fagmiljø, til dømes når folk sluttar, blir sjukmeldt eller går i permisjonar.

Sjølv om ei kommunesamanslåing vil kunne ha både negative og positive verknader for kompetanse- og rekrutteringssituasjonen, er det likevel heilt klare grunner for at ein større kommune vil ha lettare for å rekruttere, halde på og utnytte nøkkelkompetanse enn dagens kommunar har.

## SAMLA VURDERING - KVA ER VIKTIGAST?

Det er uvisse knytt til vurderingane av konsekvensane av ei kommunesamanslåing. Det er ikkje noko eintydig svar på kva som er det beste alternativet. Kva for konsekvensar den enkelte innbyggjar legg mest vekt på, vil vere avgjerande for om ein er for eller mot ein samanslåing.

Ei samla stikkordsoversikt over fordeler og ulemper ved ei samanslåing av Leikanger og Sogndal kommunar er vist i tabellen under.



Kommunen som utviklingsaktør	Kommuneøkonomi	Tenestetilbodet	Fagmiljø og kompetanse
------------------------------	----------------	-----------------	------------------------

#### Ulempar

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sentralisering av visse tenestetilbod kan gjere området mindre populært som bustadområde</li> <li>• Risiko for intern kamp om sentrumsfunksjonar</li> <li>• Større avstand mellom veljarar og folkevalde</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bortfall av basis- og regionaltilskot (øk. effekt om 10 – 15 år)</li> <li>• Eingongs-kostnader</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Større avstand til kommuneadministrasjon</li> <li>• Mogleg større avstand til nokre tenestetilbod</li> <li>• Lengre skuleveg ved ei evt. samanslåing av ungdomsskulane (frå Leikanger)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Risiko for å svekke gode og velfungerande eksisterande fag- og arbeidsmiljø</li> <li>• Større uvisse og utryggleik for dei tilsette i ein overgangsfase</li> <li>• Større avstand mellom leinga og dei tilsette</li> <li>• Konkurrans om leiar- og stabsstillingar kan ha ein negativ effekt på arbeids- og fagmiljøet på kort sikt</li> </ul>
--	--	--	---

#### Fordelar

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka handlekraft</li> <li>• Betre grunnlag for å avsette og samle ressursar til strategisk utviklingsarbeid</li> <li>• Større ressursar til å leggje til rette for næringsetablering</li> <li>• Større evne til å trekkje til seg og halde på offentlege arbeidsplassar</li> <li>• Større fagmiljø vil gi fleire attraktive arbeidsplassar som kan medverke til vekst i folketalet (innflytting)</li> <li>• Betre tenestetilbod som vil gjere det meir attraktivt å bu i området</li> <li>• Meir felles strategiske val og mindre intern konkurranse</li> <li>• Næringslivet sjølv får ein større utviklings- og kontaktflate</li> <li>• Auka politisk slagkraft</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka utgiftsutjamning</li> <li>• Innsparingspotensial innanfor administrasjon</li> <li>• Innsparingspotensial innanfor ungdomsskule, helse og kultur</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Større og meir kompetansetunge fagmiljø kan gje betre tenestetilbod</li> <li>• Betre utnytting av utstyr innanfor tekniske tenester</li> <li>• Omstillingsprosessen kan gjera det mogleg å organisere tenestetilbodet på ein betre måte</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Positive økonomiske effektar vil gjeve grunnlag for ein sterk kommune og styrke rekrutteringa</li> <li>• Større fagmiljø vil styrke rekruttering og gjere det lettare å halde på arbeidskraft</li> <li>• Større fagmiljø meir robust i høve til at folk sluttar og sjukdom</li> <li>• Betre utnytting av eigne tilsette</li> <li>• Enklare å gjennomføre effektiviserings tiltak</li> </ul>
--	--	---	--

*Du må sjølv ta stilling til kva som er viktigast for deg!*

# **Styringsgruppa si samla vurdering av verknadene av å slå saman kommunane Leikanger og Sogndal**

*Styringsgruppa meiner at følgjande spørsmål er særleg viktige å vurdere:*

- 1. Vil den nye kommunen bli ein sterkare utviklingsaktør som sikrar og legg til rette for næringsutvikling og styrkar busetnaden?*
- 2. Kva følgjer vil ein ny kommune ha på kommuneøkonomien?*
- 3. Vil ein få eit betre tenestetilbod ved ei kommunesamanslåing?*
- 4. Vil ein oppnå eit styrka fagmiljø og betre kompetanse i den nye kommunen?*
- 5. Kva følgjer vil ein ny kommune ha for lokaldemokratiet?*

Styringsgruppa meiner at ein kan vente seg følgjande verknader av ei kommunesamanslåing:

## **1. Kommunen som utviklingsaktør**

Ei større kommuneining kan prioritere ressursar til nærings- og utviklingsarbeid i større grad enn det kommunane klarer i dag. Ressursane kan samordnast i form av betre kompetanse og i større grad nyttast til å drive eit kontinuerleg strategisk utviklings- og næringsarbeid. Ein kommune vil gje større handlekraft. Det kan gjerast felles val, og ein unngår konkurranse kommunane i mellom. Ei samanslåing vil gje kommunane større tyngde og gjennomslagskraft overfor andre deler av fylket og overfor staten, m.a. når det gjeld spørsmålet om å få lokalisert offentlege arbeidsplassar til Leikanger/Sogndal regionen. Ein kommune på 9.000 innbyggjarar vil vere den tredje største i Sogn og Fjordane.

Styringsgruppa meiner at nærings- og utviklingsarbeidet kan bli styrka ved ei kommunesamanslåing. Ei kommunesamanslåing kan såleis bidra til å styrke sysselsettinga og busetnaden i dei to kommunane og i regionen.

## **2. Kommuneøkonomi**

Ei kommunesamanslåing vil gje reduserte utgifter til administrative funksjonar og grunnlag for ei meir effektiv drift. I dei 10 til 15 første åra vil dette gje ein positiv verknad for kommuneøkonomien. Etter 15 år vert løyvingane frå staten redusert som følgje av ei kommunesamanslåing. Reduksjonen er større enn dei innsparingane vi i dag ser det er mogeleg å gjennomføre. Inntektssystemet for kommunane er under omlegging. Dei endringane som har vore gjennomført dei siste åra, har gitt ei vridning av overføring av midlar frå dei minste til dei større kommunane.

Styringsgruppa meiner at den økonomiske gevinsten av ei kommunesamanslåing burde kome kommunane til gode også etter at 15 år er gått.

## **3. Tenestetilbodet – omfang, kvalitet og lokalisering**

Omfanget av det samla tenestetilbodet kommunane gir vil vera avhengig av kommuneøkonomien. Kvaliteten på tenestene vil også avhenge av kompetanse og fagmiljø.

Ei kommunesamanslåing vil påverke kor tenestene vert lokalisert. Det er opp til kommunestyret i ein eventuelt ny kommune å vurdere lokaliseringa av dei ulike tenestene.

Styringsgruppa meiner at lokalisering av tenester som barnehage, skule (barne-, mellom- og ungdomstrinn), pleie og omsorg (open omsorg og institusjon), kommunal psykiatri og PUH bør vera lokalisert nær brukarane eller hjå brukarane, og såleis ikkje bli påverka av ei kommunesamanslåing.

Styringsgruppa meiner at administrative funksjonar bør vere samlokalisert i ein større kommune for å ta ut effektiviseringsgevinsten og styrke kompetansen i administrasjonen. Deler av helsetenesta, sosialkontor, barnevern, byggjesaker, landbrukskontor og teknisk bør også samlokalisert, for å styrkje fagmiljøa og utnytte kompetansen.

Styringsgruppa meiner at det er naturleg at Sogndal vert kommunesenter i ein ny kommune, då tyngda av innbyggjarane finst i dette området. Nokre av dei administrative tenestene bør likevel vere lokalisert til Leikanger for å utnytte kompetansmiljø og bygningsmasse. Det er heller ikkje umogleg å tenkje seg at Leikanger vert definert som kommunesenter, og at sentraladministrasjonen vert lokalisert der. Lokalisering av kommunesenteret på Leikanger vil gje auka statlege overføringar slik regelverket er i dag.

#### **4. Fagmiljø og kompetanse**

Aukande konkurranse om høgt utdanna personell vil bli ei stor utfordring for kommunesektoren i åra framover. Ei samanslåing av kommunane vil gje større fagmiljø med høve for spesialisering, noko som vil gje ein meir attraktiv arbeidsplass. Det vert lettare å rekruttere og halde på fagfolk. Ein større organisasjon vil også stå betre rusta til å takle utfordringar når folk sluttar, blir sjukmeldt eller det er ønskje om særskilde tilpassingar i stillinga/arbeidssituasjonen. Ein større kommune vil vidare gje grunnlaget for å styrke arbeidsgjevarfunksjonen over-for dei tilsette.

Styringsgruppa meiner difor at ei kommunesamanslåing gir grunnlag for styrke fagmiljø/kompetanse og arbeidsgjevarfunksjonen i kommunen.

#### **5. Lokaldemokrati**

I små kommunar vil nærleiken mellom den enkelte innbyggjar og politikarane som styrer vera liten. I ein større kommune vil avstanden bli større. Det er likevel ikkje fagleg dokumentert at deltakinga i politiske diskusjonar eller offentlege ytringar blir stort annleis i ein kommune på vel på vel 2200 innbyggjarar kontra ein kommune på 9000. Statleg politikk går i retning av å gi kommunane ulike oppgåver, der større kommunar kan få høve til å få overført nye oppgåver.

### **Alternativet til samanslåing**

Alternativet til å slå saman kommunane er at dei held fram kvar for seg. Begge kommunane står overfor omfattande økonomiske utfordringar i åra framover, der utgiftene ikkje står i høve til inntektene. Det vil vere nødvendig med omfattande innsparingstiltak, som vil føre til endringar i tenestetilbodet i kommunane. Dette vil måtta skje uavhengig av ei kommunesamanslåing, for å få balanse i kommuneøkonomien.

Det er uvisse knytt til vurderingane av konsekvensar av ei kommunesamanslåing. Det er ikkje eintydige svar på kva som er beste alternativ. Kva den enkelte innbyggjar legg mest vekt på vil vere avgjerande.

Styringsgruppa meiner at den utgreiinga som er laga gir eit tilstrekkeleg grunnlag for innbyggjarane til å seie ja eller nei til samanslåing av Leikanger og Sogndal kommune. Styringsgruppa vil difor tilrå at innbyggjarane vert høyrde i spørsmålet om kommunesamanslåing, og at det vert gjennomført ei rådgjevande folkerøysting i samband med valet i september. Då kan den enkelte innbyggjar gjere sine vurderingar og sitt svar.